


Årsmelding 2020 Moster sokneråd



Samansetjing av soknerådet 2020

Leiar:	Rune Sivertsen
Nestleiar:	Gunnvald Bjotveit
Kasserar:	Elin Taranger
Skrivar:	Per Harald Gjerde
Medlem:	Camilla Rubach
	Marta Fauskanger Ekberg (permisjon til sommaren 2020)
	Heidi Torkelsen Fagervik (møtte fram til sommaren 2020)

Vararepresentantar: Heidi Torkelsen Fagervik (møter fast frå august 2020 som vara)
Gerda Bondø (møtte fast som vara fram til sommaren 2020)
Christian Kallevåg-Bjerke
Karianne Haugland Fimland
Mona Ingvaldsen Hodne.

Saker i soknerådet:

Soknerådet (SR) har hatt 11 møte og handsama i alt 103 saker. Soknerådsmøta vert haldne i kyrkja. Frå mars av har året vore prega av pandemien og oppgåver og avgjersler rundt dette.

Det er blitt arbeidd spesielt med desse sakene og oppgåvene i 2020:

- planlegging og gjennomføring av seks kveldssamlingar med variert oppslutting
- gudstenestene
- invitasjon til cellegrupper
- gjennomføring av konfirmasjon
- orgelkomité for å få nytt orgel innan 2024
- betra kvalitet på lyd og bilete i gudstenesta
- ulike avgjersle og endringar knytt til koronarestriksjonar

På soknerådsmøtet i januar hadde me fellesmøte for soknerådet og tilsette i soknet.

Frivillige medarbeidarar

I Moster kyrkje er det omlag 125 frivillige medarbeidarar med viktige funksjonar og oppgåver; kyrkjevertar, nattverdsmedhjelparar, personar med ansvar for lyd- og bilete, medlemmer i ulike nemnder og utval/ komitear, vaksenleiarar og hjelparar i trusopplæringstiltak osb. Kyrkjelyd og sokneråd er svært takksame for alle desse gode og trufaste medarbeidarane. Mange av arrangementa som involverer frivillige medarbeidarar har vorte avlyste, og andre har måtta gjerast på andre måtar.

Økonomi

I takkoffer er det samla inn kr 32 198,- til generelt kyrkjelydsarbeid. I tillegg er det gjeve kr 10 667,- til diakoniarbeidarstillinga, kr 12 360,- til kyrkjemusikalsk arbeid og kr 13 100,- i takkoffer til orgel prosjektet. På giroaksjonen i februar 2020 kom det inn kr 63 850,-. I alt er det såleis gjeve kr 425 882,- til arbeid i Moster kyrkjelyd.

Til ulike eksterne organisasjonar er det gjeve kr 75 515,- i takkoffer. Fasteaksjonen vart gjennomført digitalt, med nokså bra økonomisk resultat. Kr 44 049,- vart samla inn til Kirkens nødhjelp via vipps.

Saldo på «orgelkontoen» i Sparebanken Vest 31.12.2020 er kr 556 929,-
I 2020 kom det inn totalt kr 317 595,- inkl. renter. Beløpet kjem frå private gåver, gåve frå bedrift og takkoffer på dugnadskonsert.

Orgelkomiteen 2020

Orgelkomiteen vart oppretta i 2018 og har ved utgangen av 2020 følgjande medlemmer: Mona Ingvaldsen Hodne (leiar), Gunnvald Bjotveit (skrivar), Øystein Skullerud (Kantor), Hans Martin Torkelsen, Elin Taranger og Synnøve Totland.
Komiteen har i 2020 hatt 4 ordinære møte, der eit av dei vart avvikla på digital plattform.

I 2020 vart det gjennomført giroaksjonen i februar ved at giro og informasjonsfolder vart lagt ved Bømlo nytt 12.02. Avisa hadde fulldistribusjon den dagen. Totalt kom det inn kr. 63 850,- frå private givarar. Frå Sparebanken Vest har me fått 75 000,- i gåve til orgelet.

Det vart også sendt ut brev til bedrifter i januar med på følgjande ringerunde i byrjinga av februar. Det vart gitt lovnad om ein del gåver i samband med ringerunden, men Covid19 situasjonen vart utfordrande for fleire og ein del av gåvene er difor ikkje mottatt.

Dugnadskonserten i mars var avlyst på grunn av Covid19. Dugnadskonserten i oktober vart gjennomført etter gjeldande smittevernreglar og med færre publikum enn vanleg. Max publikum frå kyrkjevevje på arrangementet var satt til 100. På grunn av mange aktørar og 1 – metersregel gjennomførte komiteen konserten med 80 selde billettar via nett + 10 billetter selde i døra.

Elin Taranger kom inn i komiteen som fellesrådet sin representant, vara for henne er Camilla Rubach.

Innsamla midlar er integrert i soknerådet sitt rekneskap og vert nemnd i økonomidelen. Så langt ligger ein godt an med tilskot frå private, lokale grupper og firma, Sparebanken Vest og Finnås Kraftlag.

Fellesrådet gjennomførte utlysing av Orgelprosjektet via Doffin, og har inngått avtale med Br. Torkildsen Orgelbyggeri AS som leverandør av nytt orgel.

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringsutvalet jobbar ut i frå trusopplæringsplan vedtatt i 2014, men med endringar undervegs. Medlemer i utvalet 2020 har vore Karoline Knutsen Grønås, Rune Sivertsen og Christian Kallevåg Bjerke. Kyrkjelydspedagog Marta Havn (vårsemesteret), kyrkjelydspedagog Camilla Rubach (haustsemesteret) og sokneprest Aksel Lygre har delteke på utvalsmøta.

Året har vore annleis for heile samfunnet grunna korona, dette har òg fått innverknad på trusopplæringa i soknet. Fleire trusopplæringstiltak har dessverre blitt avlyst eller vorte endra på. Ein har ikkje hatt høve til å gjennomføre trusopplæringstiltak, samstundes som ein overheld gjeldande smittevernreglar.

Konfirmasjonane våren 2020 vart utsett til september, og me er svært glade for at me fekk gjennomført fine konfirmasjonsgudstenester på hausten.

Utvalet har gjennomført/ planlagt å gjennomføre desse tiltaka:

Babysong	gjennomført deler av året
Tru:D1 Myldrekveld	avlyst grunna korona
Tru:D2 Myldrekveld	avlyst grunna korona
Tru:D3 Krøllekveld	gjennomført
Tru:D4 Utdeling av 4-årsbok	gjennomført
Tru:D6 Skulestartmarkering	gjennomført med endringar
Tru:D7 Påskedramagudsteneste	avlyst grunna korona
Tru:D8 Aktivitetsdag	avlyst grunna korona
Tru:D9 Tårnagenthelg	gjennomført
Tru:D10 Jubileum for dåp	gjennomført
Tru:D11 LysVaken	avlyst grunna korona
Tru:D12/13 12hours-festival	avlyst grunna korona
Tru:D14 Innskriving av konfirmentar	gjennomført
Tru:D15 Konfirmentarbeid	gjennomført med endringar
Tru:D16 Fjorårskonfirmentar	avlyst grunna korona
Tru:D17/18Tur til London for 17 -og 18-åringar	avlyst grunna korona

For at tiltaka innan trusopplæring skal bli noko meir enn enkeltstående hendingar, er det viktig med samarbeid mellom kyrkja og bedehusa. Dette skjer mellom anna gjennom Babysong som held til i kjellaren på Salem. Til vanleg opplyser ein om bedehusa sine aktivitetar, som Myldredag, bibelgrupper for barn, søndagsskule osv., når ein møter barna på ulike dei trusopplæringstiltak i kyrkja, men dette året har dei fleste aktivitetar hatt pause grunna korona. Konfirmentane vert oppmoda om å gå på Aktiv, og i tillegg har ein samarbeidd om eit samtaleopplegg for konfirmentane hausten 2020.

Det er alltid behov for fleire medarbeidarar til dei ulike tiltaka, frivillige som kan vere med å drive god, og viktig trusopplæring for alle barn mellom 0-18 år i Moster sokn.

Gudstenestelivet

Forkynninga av Guds ord er ei hovudsak i kyrkja. Me prøver å gjera samlingane inkluderande for både born og vaksne slik at kyrkjelyden veks.

Korona har prega gudstenestelivet sterkt. I 2020 har det ikkje vore gudstenestesamlingar i Moster Amfi 17.mai og i samband med festivalhelg for Moster amfi. Mange gudstenester har vorte strøyma, og dei med fysisk frammøte har hatt restriksjonar på kor mange som kan møtast.

Både talet på frammøtte og involvering i gudstenesta må framleis vera viktig.

Faktaopplysningar

(Tabelloppsett er utdrag av "Årsstatistikk for Den norske kyrkja!")

	2019	2020
Gudstenester på søndagar/heilagdagar	38	18
Deltakarar på gudstenester søndagar/heilagdagar	4719	1199
Gj.snitt deltakarar på gudstenester sønd./heilagdagar	124	67
Andre gudstenester	30	20
Døypte	14	14
Konfirmerte	26	22
Vigsel	4	3
Gravferder	11	10
Innmeldingar/utmeldingar	0/2	0/2

Me vil arbeida med å få eit meir relevant statistisk materiale for å kunna seia noko om auka eller minka frammøte i gudstenesta etter kvart som tilhøva normaliserer seg. 19 gudstenester har vorte strøyma, utanom dei i skjemaet ovanfor, der nokre av desse har svært høge sjåartal.

Nokre som soknar til Moster kyrkjelyd er blitt døypte i Bremnes kyrkje gunna situasjonen med korona.

Kyrkjemusikalsk arbeid

2020 vart i stor grad prega av restriksjonane i høve korona-pandemien. Aktivitetsnivået vart difor lågare enn dei føregåande åra også når det gjeld kyrkjemusikk. Ein måtte t.d. avlyse ein større konsert med Heine Totland, Sigurd Sele og Joachim Vikanes som var planlagt 18. mars.

Ein vil nemne følgjande, som blei arrangert i 2020:

- Songkveld i Moster kyrkje 4. oktober (Spirituals og gospel med Arne Kvarven som songsolist). Dette var same program som opphavleg var planlagt i slutten av mars, men måtte utsetjast grunna korona-restriksjonane.
- Konsert til inntekt for nytt orgel 18. oktober. Lene Nesse, Ingebjørg Ådnanes, Simon Madsen og Bømlø Gospel med kantor Øystein Lund Olafsen deltok.

- Dessutan følgjande gudstenester med særskilt musikalsk preg:
 - Gregoriansk høgmesse i Moster gamle kyrkje olsokdagen med prosjektkor for dagen.
 - Jazz-gudsteneste 13. september med Webjørn Sæther på saksofon, kyrkjekoret og Øystein Skullerud på piano.

Følgjande personar deltok på gudstenester i 2020 som ekstra musikkrefter utover kantor og forsongarar frå kyrkjekoret: Arne Kvarven, song (7/6), Lars Egil Vik, trompet (7/6, konfirmasjonar 26/9 og 27/9), Tone Chr L Røssland, trombone (22/11 – strøyma gudsteneste frå Bremnes kyrkje) og Kathrine Bjørnevik, kornett (6/12 – også frå Bremnes kyrkje).

Det har vore open kyrkje seks gongar i 2020 med musikalsk deltaking av m.a. Ragnhild Hanssen og Lars Espeland.

Medlemmer av kyrkjekoret deltek på dei fleste gudstenestene som forsongarar. Koret har hatt 14 ordinære øvingar i 2020, mange færre enn planlagt. Det hadde ved årsskiftet 15 aktive medlemmer. Moster kyrkjekor samarbeider regelmessig med Bømlø kyrkjekor, høvesvis med felles øving i Lykling kyrkje. Kora vitja Maria-logen i Haugesund 10. mars med Grundtvig-programmet frå 2019.

Moster sokneråd sitt kyrkjemusikalske utval hadde møte i Moster kyrkje 10. desember. Aksel Lygre (sokneprest), Olav Kvarven (kyrkjekoret) og Øystein Skullerud (kantor) deltok på møtet. Karianne Fimland (soknerådet) var forhindra. Utvalet vil jobbe meir aktivt i 2021 og vidare fram mot kyrkjejubileet i 2024.

Når det gjeld orgelkomiteen sitt arbeid utover det som er nemnt her, viser ein til eigen årsrapport.

Pianoet vart ikkje stemt 2020. Det er sist stemt i april 2019 av Per Klaver.

Diakoniarbeid

Diakoniutvalet i Moster har hatt totalt fem møter. I januar var det «gamle» utvalet samla til møte 20.01.20, der saka om temakvelden for våren vart drøfta. Tema var SKAM, og Sissel F. Våge hadde føredrag, med samtale etterpå. Frammøte var bra.

11.06.20: KONSTITUERING AV NYTT UTVAL

Styremedlemer: Gerda Bondø, Nils Otto Espeland (skrivar), Bente Sissel Johannessen, Anne Britt Grindheim (leiar).

Nytt utval har hatt fire møter med følgjande saker på agendaen

- Kveldsmåltid i kyrkja: enkel kveldsmat der målet er å kome saman. Invitasjon av heimesitjande spesielt, og alle andre inviterte gjennom annonse. Koronahindring for gjennomføring
- Blomebesøk jubilarar og etterlate
- Samlivskurs saman med Stord. Koronahindring
- Open kyrkje i Moster- høve til å oppleve stillheit, tenne lys, forbøn
- Sommerlandet i Bremnes kyrkje, hjelpte til grunna sjukdomsforfall

- Telefonkontakt og besøkseneste ved behov for dette
- Sorggruppe saman med Stord

Utvalet har kome godt i gong og har planar for to temakveldar i 2021. Dessverre har smittesituasjonen hemma noko av arbeidet, og også skapt eit større behov for besøkseneste. Totalt fire medlemmer i utvalet er litt for få, og om det er mogleg, er det plass til fleire.

Samarbeid med bedehusa i Moster, Håvik og dei andre kyrkjesokna

I god tradisjon har samrådsmøta med bedehusa i soknet halde fram. Halvårlege møte med samtale og informasjon om arrangement for å unngå kollisjonar er viktig, og å få til konkrete samarbeidsprosjekt.

Elles samarbeider ein godt om miljøtiltak for konfirmantar og ungdomsarbeid. Konfirmantfest gjekk ut grunna korona.

Aktivitetsnivået på bedehusa er også sterkt prega av korona, men me gler oss mellom anna over oppstarten av bibelgrupper for born og unge på Salem.

Jubileumskomiteé for Moster kyrkje som vert 150 år i 2024

Komiteen vart oppretta våren 2019, med mandat til å skaffa historisk grunnlagsmateriale for å laga eit jubileumsskrift og koma med framlegg om program til jubileumsfeiringa.

I komiteen: Ola Jan Grindheim, Marit Ingvaldsen, Randi Gjerde, Nils Otto Espeland, Irene Møgster og Peter Friis. Per Harald Gjerde og Aksel Lygre er med frå soknerådet.

Komiteen har vore i sving frå hausten 2019, men har i 2020 vore forhindra frå å møtast i stor grad, grunna korona. Me håpar å koma i funksjon igjen våren 2021.

Soknerådet arbeidar med å skaffa redaktør til jubileumsboka, og den som takkar ja til jobben vil sjå at komiteen har gjort mykje godt arbeid med å samla inn historisk materiale.

Estlandskomiteen og samarbeidet med venskapskyrkjelyden

Me viser til eiga årsmelding, eigen rekneskap og budsjett for dette arbeidet. Vår representant i Estlandskomiteen er Gunnvald Bjotveit. Aksel Lygre er fellesrådet sin representant for prestane i Bømlø.

Her nemner me kort at korona har hindra all reiseverksemd, inklusive sommarleir 2020, og at vanskelege tider i det estiske samfunnet gjer at me brukar ein del på å støtta Sangaste kyrkjelyd sitt diakonale arbeid.

Evaluering av innsatsområde og målsetjingar 2020 i Moster sokn

Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Evaluering
Diakoni	Å fylgja opp det arbeidet som fungerer	Diakoniutvalet Soknerådet	Ivareteke
	Alle som kjem til gudsteneste skal bli helsa velkomen i døra.	Diakoniutvalet Kyrkjevertane	Ivareteke
Trusopplæring	Starte opp med TRUD16	TOL-utvalet og tilsette	Ikkje mogleg grunna korona
	75% oppmøte på trusopplæringstiltaka ved bruk av brev, annonse, sosiale media og kunngjeringar, - samt god kvalitet på tiltaka	TOL-utvalet og tilsette	Ikkje mogleg grunna korona. På dei tiltaka som har vore gjennomført har det vore dårlegare oppmøte enn vanleg.
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet	Ikkje mogleg grunna korona
	Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i bedehus og kyrkje	TOL-utvalet, soknerådet og tilsette	Gjort på alle tiltak som vart gjennomført
Lyd og bilete	Arrangere årlege kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.	Soknerådet	Ikkje gjennomført grunna korona
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	Ikkje gjennomført
	Rekruttere nye medarbeidarar	Soknerådet, presten, medarbeidarar på lyd og bilete	Ikkje gjort grunna korona
Gudsteneste	10% auke i gudstenestedeltaking på ordinære gudstenester utan dåp	Soknerådet og tilsette	Ikkje mogleg grunna korona
	Halde fram med bønemøte før kvar gudsteneste.	Sokneråd og tilsette.	Ikkje mogleg grunna korona

	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av og fokus på ungdom	Sokneråd og tilsette	Ikkje mogleg grunna korona
Kyrkjebygget	Vera pådrivar overfor Fellesrådet for å vedlikehalda og reparera kyrkja	Soknerådet	Gjennomført. Noko skal gjerast i 2021.
Nytt orgel	Innhente anbod	Kyrkjeverje	Gjennomført.
	Samle inn kr.800 000,- innan 2023	Orgelkomiteen, soknerådet og tilsette	Godt arbeid er gjort og me ligg godt ann fram mot 2023.
Kyrkja sitt 150- årsjubileum	Komiteen arbeidar, ut frå sitt mandat, for å finna materiale til festskrift og koma med forslag til program for feiring	Komiteen og soknerådet	Mykje godt arbeid er gjort, men stillstand grunna korona.
Cellegrupper	Oppretta ei ny cellegruppe innan utgangen av 2020.	Frivillige	Ikkje mogleg grunna korona.

Prioriterte innsatsområde og målsetjingar 2021 i Moster sokn			
Innsatsområde	Målsetting	Ansvar	Resultat/ evaluering
Diakoni	Å fylgja opp det arbeidet som fungerer	Diakoniutvalet Soknerådet	
	Alle som kjem til gudsteneste skal bli helsa velkomen i døra.	Kyrkjevertane	
	Betre på å sjå og inkludera dei som flyttar til Moster.	Diakoniutval Tilsette Sokneråd	
Trusopplæring	Starte opp med TRUD16	TOL-utvalet og tilsette	
	75% oppmøte på trusopplæringstiltaka ved bruk av brev, annonse, sosiale media og kunngjeringar, - samt god kvalitet på tiltaka	TOL-utvalet og tilsette	
	Få tak i mange nok frivillige til å vera med på trusopplæringstiltaka.	TOL-utvalet	
	Alle trusopplæringstiltaka vert nytta til å rekruttera born og unge til faste tiltak i bedehus og kyrkje	TOL-utvalet, soknerådet og tilsette	
Leiartrening	Rekruttere ungdom som medarbeidarar og leiarar i kyrkjelyden.	Soknerådet Tilsette	
Lyd og bilete	Arrangere årlege kurs for dei som har ansvar for lyd og bilete i kyrkja.	Soknerådet	
	Oppgradere utstyret.	Soknerådet/ fellesrådet	
	Rekruttere nye medarbeidarar	Soknerådet Presten, Medarbeidarar på lyd og bilete	
Gudsteneste	Arbeide for større gudstenestedeltaking.	Soknerådet Tilsette	

	Halde fram med bønemøte før kvar gudsteneste.	Sokneråd Tilsette	
	Gudsteneste 1 gong i semesteret (utanom trusopplæring) med involvering av, og fokus på ungdom	Sokneråd og tilsette	
Kyrkjebygget	Fullføre oppussing av kyrkja utvendig	Fellesrådet	
	Gjennomføre oppussing av våpenhuset på dugnad	Soknerådet Fellesrådet	
	Årleg dugnad i kyrkja.	Soknerådet	
Nytt orgel	Samle inn kr 1 150 000,- innan 2023	Orgelkomiteen Soknerådet Tilsette	
	Gjennomføre dugnadskonsert	Orgelkomiteen Kantor	
Kyrkja sitt 150- årsjubileum	Komiteen held fram arbeidet, ut frå sitt mandat, for å finna materiale til festskrift og koma med forslag til program for feiring	Komiteen Soknerådet	
	Koma i gang med budsjett, finansiering og utarbeiding av festskrift frå hausten 2021	Komiteen Redaktør Soknerådet	
Smågrupper	Oppretta ei ny bibelgruppe innan utgangen av 2021.	Frivillige	